SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Øyvind Sunde Høstaker
E-post: Oyvind.Sunde.Hostaker@sfj.no
Tlf.: 95222168

Vår ref.
Sak nr.: 18/9031-6
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
34772/19

Dykkar ref.

Dato
Førde, 28.06.2019

DKS - midlar til kommunane 2019/2020

For skuleåret 2019/2020 mottar Sogn og Fjordane fylkeskommune 9 909 578 kr frå Norsk Tipping AS sitt overskot til Den kulturelle skulesekken (DKS) i grunnskulen og vidaregåande skule. Av dette vert 2 343 000 kr fordelt ut til kommunane.

Midlane til kommunane vert fordelt med utgangspunkt i ein fordelingsnøkkel utarbeidd av Utdanningsdirektoratet. Fordelingsnøkkelen tar utgangspunkt i tal skular og tal elevar i kvar kommune der begge deler veg likt. Nøkkelen rundar også av til heile summar. For skuleåret 2019/2020 er det nytta GSI-tal for skuleåret 2018/2019 som grunnlag sidan tala for 2019/2020 ikkje er klare. Det er tatt omsyn til endringar i skulestrukturen.

Mål og prinsipp for Den kulturelle skulesekken

Måla for Den kulturelle skulesekken skal vere:

- Å medverke til at elevar i skulen får eit profesjonelt kunst- og kulturtilbod.
- Å legge til rette for at elevar i skulen lettare skal få tilgang til, gjere seg kjend med og utvikle forståing for kunst- og kulturuttrykk av alle slag.
- Å medverke til å utvikle ei heilskapleg innlemming av kunstnariske og kulturelle uttrykk i realiseringa av skulen sine læringsmål.

Den kulturelle skulesekken skal utformast og vurderast etter følgjande prinsipp:

- Varig ordning
- For alle elevar
- Realisere mål i læreplanverket
- Høg kvalitet
- Kulturelt mangfald
- Breidde
- Regularitet
- Samarbeid kultur – skule
- Rollefordeling kultur – skule
- Lokal forankring og eigarskap

Tildeling for skuleåret 2019/2020
Oversikt over tildeling ligg ved i eige skriv. Tilskotet vert overført til same konto som i 2018, og merka «DKS-midlar 2019/2020».

Om bruken av midlane

- Midlane skal brukast i tråd med måla og prinsippa for ordninga, og nyskaping og utvikling av tilbod skal prioriterast.
- DKS skal vere eit tillegg til eksisterande satsing på skule-, kunst- og kulturområdet, og ikkje komme i staden for eksisterande tiltak eller satsingar som vert finansiert av andre midlar.
- Midlane kan ikkje brukast til administrasjon og kompetanseheving

Forankring
Den lokale forankringa skal vere sentral i satsinga. Som skuleeigar har kommunane ansvaret for å forankre Den kulturelle skulesekken på skulane i samsvar med læreplanverket.

Forvalting av midlane
Det er ein føresetnad at tildelte midlar over kr 100 000,- blir plassert på ein renteberande konto. Renteinntektene skal komme føremålet til gode.

Rapportering

Kommunen skal rapportere på bruken av midlane i eit nettbasert rapporteringssystem. Rapporteringsfrist vert om lag 1. februar 2020. Nærare opplysningar om pålogging og nettadresser vert sendt ut seinare. Rapporteringa skal innehalde rekneskap over bruken av dei tildelte DKS-midlane.

Mangelfull rapportering fører til at ein ikkje får midlar ved neste tildeling. Ved feil bruk av midlar kan fylkeskommunen krevje at midlane vert betalt tilbake.

Endringar i Den kulturelle skulesekken
Skuleåret 2019-2020 vil Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommune organisere DKS etter tidlegare modell. Frå skuleåret 2020-2021 vil ei ny ordning vere klar og det vil bli endringar som følgje av at kommunane vert slått saman.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Øyvind Sunde Høstaker
fagkoordinator

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:
Oversikt over tildeling til den enkelte kommune

Kopi:
Hovudutval for kultur

Mottakar (ar)
Askvoll kommune Postboks 174 6988 ASKVOLL
Aurland kommune Vangen 1 5745 AURLAND
Balestrand kommune Kong Beles veg 20 Rådhuset 6899 BALESTRAND
Bremanger kommune Postboks 104 6723 SVELGEN
Eid kommune Rådhusvegen 11 6770 NORDFJORDEID
Fjaler kommune Dalstunet 20 6963 DALE I SUNNFJORD
Flora kommune Postboks 264 6900 FLORØ
Førde kommune Postboks 338 6802 FØRDE
Gaular kommune Vadheimsvegen 15 6973 SANDE I SUNNFJORD
Gloppen kommune Grandavegen 9 6823 SANDANE
Gulen kommune Eivindvikvegen 1119 5966 EIVINDVIK
Hornindal kommune Postboks 24 6761 HORNINDAL
Hyllestad kommune Kommunehuset 6957 HYLLESTAD
Høyanger kommune August Gunnarskogsgt. 1 6993 HØYANGER
Jølster kommune 6843 SKEI I JØLSTER
Leikanger kommune Skrivarvegen 7 6863 LEIKANGER
Luster kommune Rådhuset 6868 GAUPNE
Lærdal kommune Postboks 83 6886 LÆRDAL
Naustdal kommune Tunavegen 6 6817 NAUSTDAL
Selje kommune 6740 SELJE
Sogndal Kommune Postboks 153 6856 SOGNDAL
Solund kommune 6924 HARDBAKKE
Stryn kommune Tonningsgata 4 6783 STRYN
Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN
Vågsøy kommune Postboks 294 6701 MÅLØY
Årdal kommune Statsråd Evensensveg 4 6885 ÅRDALSTANGEN